

Hordaland Bygdekvinnelag

Helse Vest
Postboks 303 Forus
4068 Stavanger

Voss, 20.04.2024

Vedk. Augelækjarteneste på Voss

I nedslagsområdet for Voss sjukehus har vi sidan 1990 hatt augelækjar. Han har årleg hatt kring 4000 pasientundersøkingar. I periodar har han også hatt pasienter frå eit større område, då dei ikkje klarte å erstatta augelækjaren som arbeidde i Sogndal. Me veit at det er lange ventetider og stort press på tenestene ved augeavd. på Haukeland Universitetssjukehus.

Dr.Altenau har signalisert at han vil gå av med pensjon i 2026.

Han har prøvd i fleire år å rekruttera augespesialist til å ta over hans praksis når han gjev seg. Dette har ikkje lukkast. Mykje skuldast nok det at einepraksis ikkje er så attraktivt lenger. Det ser ein også for allmenlækjartenester. Det finst knapt nokon som arbeider som einaste lækjar på lækjarkontor lenger.

Dr. Altenau har difor bede om å fa to heimlar for augelækjar lokalisert på Voss.

På denne måten forventar ein at det skal verta lettare å få rekruttert spesialistar hit.

Det er ingen tvil om at behovet er der.

Dette er til det beste for alle pasientane, dei slepp lang reiseveg og auka ventetider.

Det vil avlasta augeavdelinga ved Haukeland i enno større grad.

Bygdekvinnelaga i Hordaland oppmodar difor om at Helse Vest snarast oppettar to heimlar for augespesialistar på Voss. Me treng tida fram til 2026 for å sikra kontinuitet i tilbodet for augepasientar i vår region.

Med vennleg helsing

Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag
Myrkdalen Bygdekvinnelag
Egdetveit og Vinje Bygdekvinnelag
Bjørgum Bygdekvinnelag
Osterøy Bygdekvinnelag
Kinsarvik Bygdekvinnelag
Voss Bygdekvinnelag
Ulvik Bygdekvinnelag
Bu-og Ringøy Bygdekvinnelag

Kopi til:
Helse Bergen
Dr. Altenau